

TILRETTELEGGING FOR FUNKSJONSHINDRA

Ørskog kyrkje

Ørskog kyrkjelyd ynskjer å vere open for alle, og eit inkluderande fellesskap er eit av hovudmomenta i den diakonale tenesta. Då vil vi også prøve å leggje dei ytre tilhøva til rette for alle.

Dette er vår visjon, og vi tek gjerne imot innspel på forbetring og manglar i kyrkjene. Dersom noko er uklart eller må avtalast på førehand, ta kontakt med dei tilsette.

Tlf. 413 64 814

Rullestolbrukarar



Parkering:

Næraste parkering er på parkeringsplassen. Det er sett av nokre parkeringsplassar med rullestol- symbol nærast porten.



Hovudinngang mot vest:

For å kome til hovudinngangen må ein gjennom ein grusgang. Ein kan køyre inn porten ved driftsbygning for å kome til hovudinngangen med bil for å setje av rullestolbrukarar og svakbeinte, men ein kan ikkje parkere der.

Døra ved hovudinngangen vil vere opplåst i god tid før gudstenester, gravferd, bryllaup, konsertar og andre arrangement.

Rullestolplassering i kyrka: Det er plass til rullestolbrukarar i «korsen», midt i kyrkja. Ein kan plassere seg heilt bak eller heilt framme i kyrkja. Dei som evt. følgjer med må sitje i benkane, pga. brannsikkerheit kan ein ikkje ha andre lause stolar i kyrkja.



Rullestolrampe opp til alteret:

Rampe for rullestol slik at brukaren kan kome fram til alterringen er førebels ikkje i kyrkja. Det er eit trappesteg opp til altaret. Fram til rullestolrampe er på plass, kan prest/nattverdsutdelar kome direkte til den som ynskjer nattverd. Meld gjerne frå om dette til prest, klokkar eller kyrkjevert når du kjem.

Klokkar og prest vil vere merksame på dette, og vil tilby hjelp ved nattverd og ofring.

Svaksynte og blinde



Salmebøker med stor tekst:

Kyrkja har kjøpt inn eit avgrensa tal med nye salmebøker (raude, anno 2013).

Storskriftutgåva (blå, anno 2013) er ikkje kjøpt inn enno. Når dei gamle salmebøkene (grøne, anno 1985) er i bruk, kan ein bruke dei grå storskriftbøkene.

Når ein nyttar programark i gudstenesta, vil vi også trykkje opp ein del ark med større skrift. Spør kyrkjeverten ved inngangen om der finst program med stor skrift.

Vi har ikkje salmebøker med blindeskrift.

Storskjerm:

Ved ein god del gudstenester og konsertar, vil vi ha tekst på storskjerm, då er det lurt å setje seg langt fram i kyrkja.

Høyrselhemma og døve



Det er teleslynge i kyrkja. Den er alltid på når det vanlege høgtalaranlegget er i bruk. Den verkar best framme i kyrkja. Hugs rett innstilling av høyreapparatet.

Om du treng døvetolk, kontakt kyrkjekontoret eller døveprest Odd Erling Vik Nordbrønd i Døves menighet 70 16 53 27 (tekstlf.) eller 95 07 83 62, evt. Tolketenesta i NAV 70 32 20 28 (tekstlf.).

Handicap-toalett

Der er eit vanleg toalett i kjellaren med inngang frå grusgang på søraustre hjørne, men det er vanskeleg å bruke for rullestolbrukarar. Men i driftbygninga aust for kyrkja er det handicap – toalett. (Sjå bilete under.)



Gravplassen

Denne ligg like ved kyrkja. Det er veg for rullestol, barnevogn o.a. ned til gravsplassen. Om vinteren vert det brøytt når jordpåkastinga skjer i grava.



Tilkomst til kyrkje og gravplass ↑↓

Gravplassen sett frå vest ↓



Inngangspartiet vestsida



Hovudsalen, med utgang mot vest



Altarpartiet Ørskog kyrkje.

Kyrkjetorget med kyrkjekontor, møtesal, bruktbutikk i Ørskog sentrum

Kyrkjetorget er lett tilgjengeleg for rullestolbrukarar.

Parkering framfor kyrkjekontoret eller på den store parkeringsplassen på austsida.

Hovudinngangen er frå gatenivå.

1. etg. inneheld to mindre møtesalar, hall med sofagrupper, kjøken, bruktbutikk. Der er tre toalett, derav eit handicap – toalett. Ikkje heile bruktbutikken er lett framkomeleg for rullestolbrukarar.

Kyrkjekontora held til i 2. etasje på Kyrkjetorget. Der er lett tilgjengeleg heis like innafor hovuddøra.

Opningstida er no litt mindre enn før reint fysisk. Dei fleste tilsette er tilgjengelege dagleg, men p.g.a. arbeid i felten og fleksibel arbeidstid er det lurt å gjere ein avtale.

Bruktbutikken er open måndag kveld, og onsdag og laurdag på dagtid.

Namn, telefonnummer og e-postadresser finn du på <https://orskog.kyrkjelyd.no> eller ring dagleg leiar på tlf. 413 64 814.